



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rettleiing	Bjerke, Greta	03.03.2020 / Fjeldheim, Jan Håkon	1.0

Informasjon om koronavirus til føresette

Vestnes kommune følgjer nøye utviklinga og informasjonen som kjem frå Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet. Vi hadde møte med Fylkesmannen 02.03.2020 og etter dei siste råda som har kome frå Helsedirektoratet og FHI har ein i Vestnes kommune kome fram til følgjande:

Alle tilsette i Vestnes kommune, samt barn og unge i skule og barnehage, som har vore i områder med vedvarande spreiding av koronavirus, skal vere heime frå arbeid/skule/barnehage i 14 dager etter heimkomst. Dette er i tråd med [anbefaling fra Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet](#).

Områder med vedvarande spreiding av koronavirus (pr. 28.02.20) er fastlands-Kina, Hong Kong, Singapore, Japan, Iran, Sør-Korea og regionane Lombardia, Piemonte, Emilia-Romagna og Veneto i Italia. Endringar av områder kan skje på kort varsel. Oppdatert informasjon om områder med utbredt smitte finn du på www.fhi.no

Informasjonsbrev er sendt ut til tilsette. Med bakgrunn i dette, sender vi no ut skriv også til dykk føresatte. Hensikta med tilrådinga er å redusere risikoen for smitte som kan få alvorlege konsekvensar både for utsatte svake grupper og behandlingsskapasitet i tenestene totalt sett. Rådet har tilbakeverkande kraft for reisande som har kome heim etter 17. februar.

Om det vert påvist smitte i Vestnes, eller at ein lurar på om ein har hatt kontakt med nokon som er smitta, er det viktig at dykk alle følgjer dei råd som er gitt frå Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet.

Meir informasjon finn du også på Vestnes kommune sin heimeside.

Barn kan ha mange spørsmål. Det er viktig at dei får informasjon som er tilpassa dei.

Viser til ein enkel informasjonsvideo, spesielt retta mot barn

<https://youtu.be/v1W249t1vA>

Med venleg helsing

Kristian Skålhamn
Administrasjonssjef

Jan Håkon Fjeldheim
Kommuneoverlege